

## Helsing til Meland kyrkje - 150 år

I 150 år har Meland kyrkje vore *samlingsstaden* framfor alle andre for Melandsfolket. Og den har vore berar av kultur- og åndslivet i kommunen.

Kyrkja har vore *rommet* for dei store gledesfeiringar i livet, men og staden der den grenselause sorga har fått utløp når ein følgde sine kjære til den siste kvilestaden.

Men framfor alt har kyrkja vore *møtestaden* mellom himmel og jord. For der «evangeliet blir lært rett og sakramenta rett forvalta» (Augustana 7), der er Gud til stades.

Kyrkja var stundom samlingsstad for fellesarrangement med evangeliske aksjonar til vekking, omvending og tru for mange menneske. Og i det jamne gudstenesteliv har menneske fått hjelp til tru, kvardagsliv og teneste i Guds rike.

Frekhaug Indremisjon er takksam for den funksjon Meland kyrkje har hatt og ønskjer tillukke med 150 årsjubileet.